



NR. 6

JUNI 1984

17. ÅRG.

Ta imot troen

(Joh. 6. 44-47)

«Ingen kan komme til meg uten at Faderen, som har sendt meg, drager ham, og jeg skal oppreiße ham på den ytterste dag».

Vi kan ikke prestere kristen tro av oss selv alene. Men vi kan ta imot det Gud gir oss.

«Jeg kan ikke av min styrke eller fornuft tro på Kristus. Det er den Hellige Ånd's gjerning», sa Luther.

Vi kan la den Hellige Ånd arbeide i oss — åpne oss — ved å høre og lese Guds ord.

Oftre er det vanskelig å ta imot gaver ellers i livet også, men vi kan øve oss i å ta imot med glede og takknemlighet — vennlige ord, små og store gaver. På samme måte kan vi øve oss i å ta imot Guds gave — øve oss i å ta imot troen.

«Den som stor, har evig liv».

Å.I.

GOD PINSE

Pinse

Kom, du Guds kjærleik, kom!
Skap du hjå meg eit rom,
lat varmen frå din eld i sjela fløde!
Ver du, vår trøystar, nær,
syn deg i hjarta her
og lat ein heilag loge i meg gløde!

Å, lat han brenne fritt!
Tak bort frå hjarta mitt
den lyst som ikkje himlens eld kan
tåle!
Og lat ditt klåre skin
gjelys på vegen min,
lat støtt din herlegdom for auga
stråle!

Gjer heilag kjærleiks makt
til all mi ytre drakt
og audmykt til min indre ros og
prydnad,
den audmykt som er sael,
som vél den minste del
og græt for all sin veikskap og
ulydnad!

Då vert slik lengting tent
som aldri eg har kjent,
som sprengjer alle ord som eg kan
finne.
For ingen kan forstå
kva fryd ei sjel kan få
når du, Guds Ande, sjølv vil bu der
inne.

TAKK TIL ODDVAR!

Oddvar Ulltang sluttar som «eittåring» i Ytre Arna kyrkjelyd 15.6.

Vi vil også gjennom Kyrkje-lydsbladet seia han ei varm takk for dette året. Som «eittåring» har han ikkje fått full løn, men det som trengs til lommepengar og livsopphald, og det er ei frivillig teneste han har gått inn i.

Det var gjennom Norges kristelige student- og skoleungdomslag vi fekk kontakt med han. Dei var 7 gutter frå Øystese og Norheimsund i ei songgruppe, Synzygus. Dei kunne tenkja seg å gje eit år for å vera «eittåringar» og ha konsertar rundt i Hordaland. 5 av dei har no vore «eittåringar», 2 på Osterøy, 1 på Lagskontoret i Bergen, ein på Santalmisjonen sitt krinskontor og så Oddvar i Ytre Arna. Dei 2 andre har hatt deltidssjøbbar og studert noko.

Kvar måndag har dei vore

samla til øving i Indre Arna, og i denne tida har dei hatt 45 konsertar i 20 kommunar i Hordaland! Mange av konsertane har vore på skular — og på denne måten har dei fått bera fram vitnemål om si tru.

Oddvar har hatt særleg ansvar for skulelaget i Ytre Arna, som har møte annakvar veke i Kyrkje-lydshuset. Dessutan har han vore mykje med i konfirmantarbeidet, leiar for barneklubb o.l. Det har vorte mange ulike oppgåver. Han har også vore mykje rundt og halde skuleandaktar både i Arna og andre stader. Skulelaget i Ytre Arna har no også skuleandaktar med godt frammøte.

Om han no sluttar her, reiser han ikkje frå Ytre Arna likevel. Til hausten vert han å finna som student på lærarhøgskulen i Bergen, og sidan han framleis skal bu i Ytre Arna, gler vi oss over at han framleis vil vera med i arbeidet i kyrkjelyden her.

H.S.

ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.
Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30

Torsdag kl. 17.30 - 19.00.

Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jebsensv. 39: Tlf. 24 85 46.

Kontortid: tysdag kl. 17.00 - 18.00.
onsdag og fredag 10.00 - 11.30.

Kyrkjegardane i Arna. Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd. - fredag 10 - 11.

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.

Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Laila Ueland, Åse Iversen
Ragnhild Rein, Harald Sundsbø.

Forretningsførar: Bjørg Hellesøy.

Bladpengar: kr. 25,-.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

Velkommen til KONFIRMASJON



Innmelding til konfirmasjonsuva føregår desse stadene:

Indre Arna skule: tysdag 21. august.

Ådnemarka skule: tysdag 21. august.

Lone skule: onsdag 22. august.

Garnes ungdomsskule: onsdag 22. august.

Ytre Arna, kyrkjelydshuset: onsdag 22. august.

Alle stader: gutter kl. 17.00, jenter kl. 18.00.

Dei som ikkje er døypte i Arna, tar med dåpsattest.

BILREBUSLØP

Laurdag 15. sept. vert det bilrebusløp i Indre og Ytre Arna. Etter løpet vert det samling i Kyrkje-lydshuset i Ytre Arna med kafeteria og premieutdeling m.a. Nærare program kjem seinare. Arrangør: Kyrkjelydsskulen.

INNSAMLINGA TIL KYRKJELYDSHUS

Økonominemnda for Kyrkje-lydshuset i Arna melder at det no er kome inn ca. kr. 65.000 i gaver og kr. 80.000 i tilsgagn på lån. Dei hadde vona på noko betre respons på låna, så det er berre å ta kontakt om det.

Bankgiroen for innsamlinga er 8440.21.04243 og postgiro 3 49 89 95 med adresse: Kyrkje-lydshus i Arna v/Anna Pettersen, Boks 76, 5233 Haukeland.

Kyrkjelydstur

Kyrkjelydsturen vert i år søndag 2. september. Turen går til Seim. Nærare program vert laga seinare. Det vert delt ut ved gudstenester og ein kan få det ved å ta kontakt med kyrkjekontora.

Påmelding må vera inne til kyrkjekontora, telefon 24 04 00 (Arna) eller 24 85 46 (Ytre Arna) innan 27. august.

Eldretur til Herdla


Eldretreffet på Flatane, Ytre Arna, arrangerar eldretur til Askøy og Herdla onsdag 15. august. Reiseleiari vert Harald Sundsbø. Dei som ikkje er med på eldretreffa, er også velkomne til å vera med på turen. Påmelding (og fleire opplysningar) til Ytre Arna kyrkjekontor, tlf. 24 85 46, Harald Sundsbø tlf. 24 13 25 eller Arthur Askeland tlf. 24 11 55.

BARNESIDE

LAG EIN FUGL

- og tenk på Gud som kjenner alle fuglane


1.



Om sommaren er det så mange fuglar i Noreg. Dei flyr frå varme land for å byggja reir og få ungane sine her hos oss. Kan hende kjenner du navna på nokre av fuglane, erler og svaler, flugesnapparar, og starar.


Så mange fuglar er det at det er umogleg for deg og meg å telja dei. Men Gud kan. Han kjenner kvar einaste ein av dei og passar på dei.

2.



Det som er endå finare er at Gud kjenner kvar einaste ein av oss menneske og. Han veit alt om oss. Han veit kva vi treng. Han vil at vi alltid skal vera glade i han og stola på han. I Bibelen seier Jesus at ikkje ein av spurvane er gløymt av Gud. Derfor skal vi ikkje vera redd, for vi er meir verd enn mange spurvar.

3.



Har du lyst til å laga nokre fine fuglar som kan minna deg om bibelverset. Det er ikkje vanskeleg. Gjer akkurat slik det står på teikningane.

1. Ta eit avlangt stykke papir og brett det dobbelt.
2. Brett kvar del utover i ein trekant og klipp venger og kropp som vist.
3. Fargelegg fuglen og heng han i ein tråd i taket eller i vindauge på rommet ditt.

Kyrkjekstilar i Ytre Arna

Som mange vel har lagt merke til, har kyrkja i Ytre Arna fått nye teppe på prekestolen og på lesepulten. Desse er laga i 3 ulike fargar: kvit, fiolett og grønt.

Det er dei tre liturgiske fargane som vert mest brukte i kyrkjeåret. Det er ein gamal tradisjon i kyrkjene å nytta desse fargane som uttrykk for den tida i kyrkjeåret vi er inne i.

Med den nye prestedrakta ber også presten ein stola med dei same fargane. Den kvite fargen gjev uttrykk for festtida i kyrkjeåret. Den er i bruk på høgtidsdagane, juletida, helgemesesundag, Maria bodskapsdag og tida mellom påske og pinse.




Den fiolette fargen vert nytta i advent og fastetida og på bots- og bededag. Den grøne fargen vert nytta resten av året, med nokre få unntak.

I tillegg har ein også raudt som liturgisk farge. Det vert berre brukt 1. og 2. pinsedag. Det er så lite at vi ikkje har laga noko teppe i den fargen. Då vil vi nytta det kvite i staden.

Motiva i teppa er teke ut i samarbeid med Husfliden i Bergen. Turid Straume har brodert alle, og det er eit stort og svært fint arbeid ho har gjort.

Motivet på det kvite teppet er dei 2 greske bokstavane alfa og omega brodert i raudt med forkortinga for Kristus mellom. Det minner oss om Kristus som opphavet og målet for vår tru.

Det fiolette teppet har ein kross som motiv. I ei likning samanlikna Jesus Guds ord med såkornet som veks.



Det grøne teppet har henta motivet sitt frå det, med aks som veks.

Fra før har kyrkja grøn og kvit messekakel. Når no dei fiolette prekestolteppa er på plass, ser ein at det ville vere fint med fiolett messekakel. Turid Straume vil brodera også den, og Soknerådet vil gjerne setja i gang med det. Stoffet som vert brukt er handvove, så noko utgift vert det.

Om nokon vil vera med å støtte det, tek soknerådet gjerne imot gåver til dette.

Med desse tekstilane vil vi vera med å pynta kyrkja og vonar også at opplevinga av kyrkjerommet kan verta rikare for dei som kjem dit.

Turid Straume har stått sentralt i dette arbeidet. Og vi seier henne ei varm takk for det store arbeidet ho har gjort til glede for alle som kjem inn i kyrkja.

Glimt frå Truslæra:

Utan Anden - inga kyrkje

Utan Den Heilage Ande ville ikkje kyrkja ha eksistert. Det var først da Anden kom på kvitsundagen at disiplane til Jesus fekk skikkeleg ljós over kven han var, og kyrkja vart til.


Den kristne kyrkja trur på Gud Fader, Guds Son og Gud Den Heilage Ande. For mange er dette med Den Heilage Ande vanskeleg og svevande, men og om Anden kan ein seia noko handfast.

Den Heilage Ande er den mest anonyme av personane i den treeinige Gud. Det kjem av at han ikkje er oppteken av seg sjølv. Han peikar først og fremst på Jesus og vil forklara oss kven Frelsaren er. Anden skapar trua og held kristenlivet oppe hos han som trur. Når Jesus derfor vert dyrebar for menneske, da er dette det beste kjenneteiknet på at Anden er til stades.

Det er ikkje tilfeldig kvar vi finn Anden. Den Heilage Ande verkar der Gudsordet vert forkynt, anten det no gjeld i form av vitnemål i kvar-dagslivet, preiker på talarstolen eller gjennom dåp og nattverd. Heile tida vil Anden overtyda, vegleia og vitne om Jesus gjennom Gudsordet.

Menneske som ikkje har Den Heilage Ande er utan samfunn med Gud. Menneske som har Anden, lever i samfunn med Gud og dette vil visa seg ved at dei kjempar mot synda. Dei vert og dregne mot forsamlingane til dei kristne.

Den Heilage Anden kom til oss på den første kvitsundagen, da den kristne kyrkja vart grunlagt. Hadde det ikkje vore for Anden og gjeringane hans, hadde det faktisk ikkje vore noko kyrkje, ikkje noko misjonsarbeid eller noko kristent fellesskap i det heile. Men no har Anden vist oss kven Jesus er, og derfor kan dei kristne koma saman og feira kvitsunhelg ved å lovprisa Jesus fordi han døde og stod opp att. Og vi vil forkyenna dette vidare til stadig nye menneske.



Den Heilage Ande
vert ofte avbilda
som due.

Misjon blandt muslimer blir lagt inn over norske kristne

Norsk misjon er nå mer opptatt av evangeliseringen blandt muslimer, og flere nye misjonstiltak i muslimske land er på gang. Det har alltid vært vanskelig å arbeide blandt muslimer. De har bestandig vært forsømt innen kristen misjon.

7-800 millioner mennesker tilhører i dag verdensreligionen islam. Det er så mange at hvert fjerde menneske som står utenfor kristne kirkesamfunn, er en muslim. Likevel er bare en av femti misjonærer i verden sendt ut for å vitne om Jesus som muslimer.

Grunnene til dette er mange. Muslimske land har ikke alltid vært åpne for kristen misjon. Dessuten har muslimene helt fra barnsben av lært å betrakte kristendommen som en villfarelse.

I Norge har vi to misjonsorganisasjoner spesielt for muslimmisjon. Det der Den norske Muhammedanermisjon og Norsk Kristen Muslimmisjon. De siste har i noen år nå opplevd vekkelse blandt muslimer i Karachi, Pakistan.

De store misjonsorganisasjonene har nok hatt kontakt med muslimer på sine misjonsfelt. Men nå ser innsatsen ut til å bli mer aktiv, og organisasjonene retter sine øyne mot Vest-Afrika der islam står sterkt. For få år siden startet Santalmisjonen et arbeid i det vest-africanske landet Mali. I vinter har

Misjonsskapet hatt misjonærer på rekognoseringstur i det samme området, for å se hvordan de kan utvide sitt arbeid for den muslimske fulanistammen som de kjenner fra Kamerun. Til høsten starter Misjonssbandet opp i Elfenbenskysten og pionærmisjonærene har fått med seg kurs om muslimmisjon. Norsk radiomisjonstøtter også kristne radioprogram mot Iran. Kurderen Tony Estaidi som bor i Norge for å lage disse programmene, mener at Khomeinys harde framferd skaper større åpenhet for kristendommen blandt muslimer i denne delen av verden.

Nye tiltak er spennende. Det kan se ut til at Gud nå legger muslim-misjon inn over den norske kristne. Kan skje skulle nettopp du gjøre misjon blandt muslimer til din bønneoppgave?

(frå s. 7)

og Ten-Sing-koret Sing Sing deltok.

Møtet vart avslutta med festgudsteneste i Stord kyrkje ved biskop Thor With. Han tala enkelt om bøna og det trygge barneforholdet vi kan ha til Gud. For meg vart dette ei påminning om at vi skal få leggja alle sakene våre i Guds hand, i trygg visse om at han veit og vil det beste for oss og for si kyrkje.

M. Sandvik

Takk til gode medarbeidrar!



Ingjerd Grøm



Kjersti Kjenes
Rydland




Gunn Beate
Haukeland



Linda Jakobsen



Solveig Gjertsen



Anne Kristine Mjøs

Nokre av dei tilsette i Arna kyrkjelyd sluttar til sumaren:

INGJERD GRØM

har vore vikar for organisten i vinster. Vi har hatt svært mykje glede av arbeidet hennar både ved guds-tener og andre høve i kyrkja ikkje minst som leiar for kyrkje-koret og barnekoret. Ho har hatt ein naturleg og fin inngang i kyrkjelyden og har vore til stor inspirasjon.

KJERSTI RYDLAND

har vore styrar for kyrkjelyden sin dagheim dette året. Ho har leia arbeidet i dagheimen på ein fin måte og har vore med å skape eit

godt og triveleg fellesskap i dagheimen både for borna og for dei tilsette. Ho har også lagt tilhøva godt til rette for kontakt med heimane.

**ANNE KRISTINE MJØS,
GUNN BEATE HAUKELAND,
LINDA JACOBSEN og
SOLVEIG GJERTSEN**

har vore praktikantar i dagheimen og har gjort ein fin innsats i arbeidet mellom borna.

Arna kyrkjelyd vil takke alle for arbeidet dei har lagt ned i kyrkjelyden og vi vil ynskje dei lykke til vidare.

Øyvind Øy

Vi var på bispedømemøtet!

For nokre veker sidan valde kyrkjelydane i Arna utsendingar til Bispedømemøtet på Stord. Dette møtet fann stad helga 25.-27. mai, og frå Arna reiste 4 utsendingar: Eli Mohn, Solveig Mæstad, Leif Grøteide og Målfred Sandvik. Øyvind Øy er formann i bispedømerådet, og var såleis i møteleinga. Så det var vår eigen sokneprest som ynskte oss velkomne til Stord!

Bispedømemøtet samla omlag 400 menneske frå heile Bjørgvin (Hordaland og Sogn og Fjordane). «Herlege Stordøy» tok imot oss i skodde og regn, men det skein snart opp, og vi fekk ei vakker råme om møtet vårt.

Vi samla oss spesielt om 3 hovedemne desse dagane:

1. «Verdigrunnlaget i samfunnet: vårt ansvar»

Ole D. Hagesæther tok opp dette emnet, og peika m.a. på fem grunnverdiar: **Livet** er den eigentlege grunnverdien. Dei andre er **fridomen** og **fellesskapet**, forvalting og fred. Dette er verdiar som alle kan vera samla om. Men når vi skal fylla desse med innhald, vil livssynet som ligg bak vera avgjerrande. Han oppfordra oss til å halda fram Guds eigen målestokk og hjelpa folk til å korrigera mål og verdiar i ei tid med opplysing i samfunnet.

2. Kyrkja og reformspørsmål

Vi hadde sett med forventning fram til paneldiskusjonen om denne saka, der m.a. kyrkje- og undervisningsminister Kjell Magne Bondevik og stortingsrepresentant Grete Knudsen skulle delta. Men eit par dagar før møtet vart det klart at den nye kyrkjelova skulle handsamast i

Stortinget akkurat denne dagen. Så det var høgaktuelle saker vi hadde på programmet! Difor vart denne økta litt annleis enn venta. Det kom fram ulike syn på den foreslalte kyrkjeordninga, særleg galdt det Kyrkjemøtet som det øvste organet i Den norske kyrkja. (Dette vart vedteke i Stortinget same kvelden).

Samtalen munna likevel ut i eit sterkt ynskje om at vi må arbeida **saman** innafor dei ordningane som no kjem til å gjelda. Målet er at Guds rike skal veksa mellom oss.

3. «Evangeliet ut til alle folkeslag» var emnet for foredraget som generalsekretær Odd Bondevik heldt laurdag føremiddag, og han heldt fram kva Bibelen seier om dette: Gjennom Jesu soningsverk vart vegen til Gud opna, og lære-steinane hans fekk ansvar for å forkynna omvending og syndsforslating for alle folkeslag. — No er det **vi** som er vitne. Alle er kalla til å vera med, anten vi er misjonærar eller vi står bak og sender ut. Vi som i undring får ta imot Guds nåde i Kristus skal også få visa andre vegen til han.

Misjonen prega møtet elles også, og samlinga danna starten på «Misjonens år» i Bjørgvin. (Det kan du lesa meir om annan stad i bladet). På festkvelden laurdagen kåserte biskop Sigurd Lunde om «songen og misjonen», med levande skildringar frå afrikanske kyrkjer han hadde vitja. Det var både muntert og gripande.

Song og musikk fekk ein god plass på Bispedømemøtet også.

Så fekk vi vera med på ein stor lovsongskveld der også Kjell Grønner, Solveig Leithaug

framhald side 7

Familieside

DØYPT

Arna sokn:

1.04. Ørjan Gjesdal Thunes, døypet i Birkeland.

15.04. Sindre Hansen og Thor-Erik Aga Kjærgaard.

22.04. Kaja Helene Andersen.

29.04. Alette Stang, Christine Vik og Eirik Mjelstad Eriksen.

13.05. Hilde Grøteide.

20.05. Jarle Vikør Ekanger, døypet i Ytre Arna kyrkje.

Ytre Arna sokn:

20.05. Håkon Rokne Johannessen, Rune Seilen.

VIGDE

Arna sokn:

17.03. Arild Unneland og Sissel Margrethe Monsen.

24.03. Eirik Lohne og Ingun Borge.

31.03. Rune Rivenes og Elin Blom.

14.04. Frode Markhus og Mona Aardal.

28.04. Rune Jørgensen og Eva Margrethe Frotjold.

28.04. Jan Atle Haugland og Ingunn Hammerstad.

28.04. Eddie Uhe og Karin Foss Andersen.

05.05. Jan Sandal og Hilde Kate Sjurseth.

5.05. Ingvar Indrearn og Trude Irene Høvik.

12.05. Arild Djukastein og Mai Britt Enger.

19.05. Stein Sivertsen og Elisabeth Lerøy.

19.05. Trond Kvamme og Torill Myrdal.

26.05. Knut Inge Hellevig og Bentte Herfindal.

Ytre Arna sokn:

19.05. Bjørn Rivenes og Turid Vethseth.

19.05. Tore Waagenes og Anita Melinda Henriksen.
26.05. Johnny Karsten Saltskår og Laila Karin Romslo.

DØDE

Arna sokn:

16.04. Magnhild Lohne f. 1916.
16.04. Borghild Garnes f. 1912.
17.04. Sigfrid Haugland f. 1902.
12.05. Geir Ørnulf Kofoed f. 1961.
18.05. Ole Moldekleiv f. 1923.

Ytre Arna sokn:

12.04. Anna Larsen f. 1904.
18.05. Solveig Holmefjord f. 1982.
18.05. Jenny Iversen f. 1905.

RETTING

Dessverre hadde det kome inn nokre feil i oversikta over dei som var vigde i Arna sokn 17. og 24. mars. Namna til to brudepar var blanda saman. Vi seier oss leie for det og har teke med dei rette namna denne gongen.

FASTEAKSJONEN

Innsamlinga til Kirkens Nødhjelp i fastetida gav dette resultatet:

Arna sokn: kr. 18.936,-

Ytre Arna sokn: kr. 10.890,-

Av det som kom inn i Ytre Arna var kr. 5.054,- samla inn av konfirmantane. Dei arrangerte kake-lotteri til inntekt til skulegang for born i slummen i Calcutta.

Takk til alle som var med på innsamlinga — ved fastebøsser, offer eller loddkjøp.

Presten
har
ordet



Oyvind Øy

MISJONENS ÅR

Vi har vel 20 foreiningar i Arna Prestegjeld som arbeider for ytremisjon. Mange av dei har ein lang tradisjon og har arbeidd for å støtte misjonsarbeidet i mange år. Vi veit og at mange misjonærar er reist ut frå Arna og kjenner seg knytte til kyrkjelydane her.

Men sjølv om vi har foreiningar og vi har vore med å sende ut mange misjonærar, kan det likevel vere grunn til å spørje om misjon har den plassen det skal ha blant oss. Misjon er ei oppgåve for alle kristne, og ikkje berre for spesielt interesserde. Vi har lett for å la ansvar kvile på dei som særleg har sett dette som eit kall. Difor kan det vere godt at vi på nytt møter utfordringa til å vere med å utføre kyrkja sitt viktigaste oppdrag — å forkynne evangeliet for alle folkeslag.

Biskopen i Bjørgvin saman med Bjørgvin bispedømeråd og tre av misjonsorganisasjonane i kyrkja vår har i lengre tid planlagt misjonens år i Bjørgvin i 1984/85 for å vere med å skape større breidde i innsatsen vår for misjon. Kyrkjelydane får oppfordring til å gje misjon ein spesiell plass i denne tida for at vi skal verte meir medvetne om vårt ansvar og for å trekke

fleire aktivt inn i misjonsarbeidet.

Sokneråda har alt teke initiativ til å opprette komitéar for Misjonens år og til hausten kjem vi tilbake til korleis vi konkret vil legge det til rette så vi får Misjonens år også i kyrkjelyden vår.

Har du mista ei sølje?

Ein del av ei sølje er funnen utanfor Arna kyrkje etter konfirmasjonen.

Dersom nokon saknar den, ring kyrkjekontoret tlf. 24 04 00.

FERIE FOR PRESTANE

Sokneprest Øy har ferie i tida: 25. juni-23. juli.

Res.kap. Sundsbø har ferie fra 23. juli-20. august med unntak av dagane 15., 16. og 17. august.



Bestill brosjyre fra OASE,
General Birchsgt. 28, Oslo 4

Apostlane nådde utrøleg langt No må vi fortsetja

Jesus gav apostlane sine eit kjempeoppdrag. Dei skulle gjera alle folkeslag til disiplinar. Kyrkjelydsbladet vårt har prøvd å finna ut kor det vart av kvar apostel. Innsatsen deira er imponerande. Men i dag er det oppgåva vår å føra verket deira vidare til 17.000 folkeslag som framleis ikkje er nådd med evangeliet.

Det første som slår ein når ein granskar kvar apostlane vart av, er at ein av dei dreiv indremisjon. Jakob vart att i Jerusalem og verka blant sine eigne i denne byen og strøket ikring.

I alle fall to av apostlane drog vestover til Europa. Peter nådde til Rom, Paulus sannsynlegvis så langt som til Spania. Tyngdepunktet for kristendomen har heilt til no lege i Europa og Vesten, men i generasjonen vår kan det sjå ut til at dette er i ferd med å verta flytta til kristne i andre delar av verda.

Judas Taddeus og Thomas drog austover. I Persia vart det tidleg danna ein kristen kultur som ein finn ruinar av i dag. Kyrkja levde til islam fekk fotfeste her. Thomas kom etter tradisjonen til India. I Kerala er det framleis ei kyrkje som hevdar at dei er eit resultat av misjonsverksemda hans. Dei kallar seg Thomas-kristne.

Nordvestover og nordaustover mot Lille-Asia og grensestrøka mot Russland drog Johannes, Filip, Andreas og Bartolomeus. Kristendomen står svakt i desse områda i dag. Men enno finst kristne grupper som ein kan føra attende til tidleg kristen tid, t.d. den Krsitne armenske kyrkja. Kristne armenarar vert ofte forfølgde i heimlandet sitt, og fleire er komne som flyktningar til Noreg.

Nokre av apostlane drog og sørover. Jakob, son av Alfeus, verka i Egypt. Kan hende kom og Simon Ivaren, Matteus og Mattias (som vart utpeika til apostel ved loddtrekking) helt til Etiopia. Sikre historiske prov på dette har ein ikkje, men ein veit at kongen i Etiopia gjorde kristendomen til statsreligion så tidleg som i år 350 e.Kr.

Apostlane til Jesus gjorde ein fantastisk innsats. Men misjonsoppdraget er enno ikkje fullført. I dag er det vi som har oppgåva. Framleis er det 17.000 folkeslag i verda som ikkje har høyrd. Men etter misjonseksperten dr. Ralph Winter er det 15.000 bibeltru evangeliske kristne for kvar unådd gruppe, så da skulle det ikkje vera umogleg.



Apostlane til Jesus gav evangeliet til den delen av verda som da var kjend. No er det oppgåva vår å fullføra verket. Enno er 17.000 folkeslag ikkje nådd med evangeliet om Jesus.

DVI deltar ved gudstjenester i Arna 5 august: - Forkynnelsen gir inspirasjon

— Årsmøtet er årets møte i Det Vestlandske Indremisjonsforbund. Det er ikke bare en storsamling for forbundet, men også avgjørende for hele vårt arbeid. Det er viktig med tanke på forhandlingsmøte og drøfting av strategien for arbeidet vårt, men ikke mindre viktig for forkynnelsen av Guds Ord under årsmøtet. Forkynnelsen av Jesu frelsesgjerning gir inspirasjon og ny frimodighet i tjenesten, sier generalsekretær Ole Abel Sveen.

— Derfor er vi også svært takknemlige for å få komme rundt i kirker og bedehus i forbindelse med årsmøtet, tilføyer Sveen, og ønsker velkommen i kirken søndag 5. august. Da deltar en utsending for DVI.

Årsmøtet er dette året, 3.-5. aug., lagt til Bibelskolen på Bildøy. — Bare det at Bibelskolen for første gang kan innby DVI's årsmøte i egne lokaler, er nok helt storveis, sier rektor Mikael Landro, og ønsker folk velkommen.

Mange vil nok se den nye Bibelskolen. Derfor regner en med rekordoppslutning fra de 13-1400 foreningene som er tilsluttet DVI.

Bibelskolen ligger laglig til som årsmøteplass. Årsmøtedeltakerne kommer fra store deler av landet, fra Finnmark til Sørlandet. De siste årene har det vært et stort innslag av unge, og årsmøtet er derfor lagt familievennlig opp.

Ofringane i kyrkjelydane

ARNA:

8/4: Blå Kors,	forbund	kr. 665,-
Bergen krets	6/5: Kyrkjelydsarb.	kr. 2.771,-
15/4: Den norske	13/5: Diakoniutvalet	
Santalmisj.	i Arna	kr. 437,-
19/4: Kyrkjelydshuset	20/5: Norges Kr.Student	
22/4: Den norske	og skoleungd.l.	kr. 1.102,-
sjømannsmisj.		
23/4: Kyrkjelydsarb.		
6/5: Kyrkjelydsarb.		
13/5: Kyrkjelydsarb.		
17/5: Arna søndags-		
skulelag		
20/5: Den indre		
sjømannsmisj.		

YTRE ARNA:

22/4: Den norske	kr. 1.001,-
sjømannsmisj.	

1/5: Kristne arbeideres

	forbund	kr. 665,-
6/5: Kyrkjelydsarb.	kr. 2.771,-	
13/5: Diakoniutvalet		
i Arna	kr. 437,-	
20/5: Norges Kr.Student		
og skoleungd.l.	kr. 1.102,-	

MØTE Arna bedehus

7/6: Pensjonistsamvær kl. 17.00.
10/6: Møte kl. 19.00. Tale av Gustav Ballestad. Sang av Randi og Magnar Hope.
17/6: Møte kl. 19.00. Tale av gen.sekr. Odd Bondevik i Det Norske Misjonsselskap. Sang av Espeland ungdomskor.
28/8: Søndagsmøte kl. 19.00.
2/9: Søndagsmøte kl. 19.00.
6/9: Pensjonistsamvær kl. 17.00.
9/9: Samlingsfest kl. 19.00.



Barneklubb i Ytre Arna

I kyrkjelydshuset i Ytre Arna er det starta ein barneklubb for born i 1.-3. klasse. Der driv dei med mange aktivitetar. Både hammar, line, saks og maling er flittig i bruk.



Oddvar Ulltang, Marianne Hydle, Jorunn Eikerol og Alf Brekhus er leiarar og mellom 20-30 born har møtt flittig opp annakvar torsdag. Her ser me nokre glimt frå ein klubbkveld.



Lege i Arna:

Lege
Frøyd Skjelbred Nilsen,
Kommunehuset,
Indre Arna.
Telefon 24 07 00.
Kontortid:
Tirsd., onsd., torsd., fred.



I MIN FORRETNING

finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

Barneklubb i Ytre Arna

I kyrkjelydshuset i Ytre Arna er det starta ein barneklubb for born i 1.-3. klasse. Der driv dei med mange aktivitetar. Både hammar, line, saks og maling er flittig i bruk.

Oddvar Ulltang, Marianne Hydle, Jorunn Eikerol og Alf Brekhus er leiarar og mellom 20-30 born har møtt flittig opp annakvar torsdag. Her ser me nokre glimt frå ein klubbkveld.

Lege i Arna:

Lege
Frøyd Skjelbred Nilsen,
Kommunehuset,
Indre Arna.
Telefon 24 07 00.
Kontortid:
Tirsd., onsd., torsd., fred.

I MIN FORRETNING

finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm.Fossgt. 11, tlf. 32 55 50

Alltid til tjeneste

VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna

ESPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09

Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi

ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyfer. Monumenter besørges oppsatt.



Aut. bilverksted
Aut. dekk-forhandler

GODE TILBUD
PÅ DEKK OG
REKVISITA!

GOD SERVICE —
RIMELIGE PRISER —
HYGGEIG MILJØ!

*Velkommen til vår
bensinstasjon!*

Arnatveit Auto Senter
J.B. Myklestad
5260 Indre Arna
Tlf. 24 07 40



Banken i Arna frå 1866

**SPAREBANKEN
VEST**
AVDELING ARNA

— til bygdefolket sitt beste

Skal det vera TV — Elektrisk —
Belysning. Hugs at vi har lavaste
pris, og det De kjøper her kan De
få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 81 88
Arnatveit — telefon 24 19 70
Vi er tilsluttet landets største
kjede av elektriske forretninger
EL-KJØP



Velkommen til kyrkje

- 10/6 Arna kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste v/sokneprest Øy. Takkoffer til Nordhordland Indremisjon.
Ytre Arna kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Nordhordland Indremisjon.
- 11/6 Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Modum Bad Nervesanatorium.
Trengereid kapell kl. 11.00 Sokneprest Øy.
- 17/6 Arna kl. 11.00 Prost Stormark. Takkoffer til kyrkjelydshuset.
Ytre Arna kl. 11.00 Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Norsk kristen muslimmisjon.
- 24/6 Arna kl. 11.00 Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Norges Samemisjon.
Ytre Arna kl. 11.00 Res.kap. Sundsbø.
- 1/7 Arna kl. 11.00 Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Kristenrussen.
- 8/7 Arna kl. 11.00 Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til kyrkjelydshuset
Ytre Arna kl. 11.00 Kateket Målfrid Sandvik. Takkoffer til Den indre Sjømannsmisjon.
Trengereid kl. 18.00 Res.kap. Sundsbø. Nattverd.
- 15/7 Arna kl. 19.00 Stiftskap. Ivar Molde. Nattverd. Takkoffer til Norsk kr. Muslimmisjon.
Ytre Arna kl. 11.00 Res.kap. Sundsbø.
- 22/7 Arna kl. 11.00 Res.kap Sundsbø. Takkoffer til Familierådgjевn.kont.
Ytre Arna kl. 11.00 Pastor Stein Ove Skadal. Nattverd. Takkoffer til Familierådgj.kont.
- 29/7: Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydshuset.
- 5/8 Arna kl. 11.00 Landsungdomssekr. Ingar Hjelset og Ingmar Ljones. Takkoffer til Vestlandske Indremisjonsforbund.
Ytre Arna kl. 11.00 Kyrkjeverje Rasmus Skurtveit og Per Sæle. Takkoffer til Vestlandske Indremisjonsforbund.
Trengereid kl. 11.00 Sokneprest Øy.
- 12/8 Arna kl. 11.00 Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Kristeleg kringkastingslag.
Ytre Arna kl. 11.00. Sokneprest Olav Totland.
- 19/8 Arna kl. 11.00. Forstander Audun Tang. Takkoffer til kyrkjelydshuset.
Ytre Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til dei fire diakoninstitusjonane.
- 26/8 Arna kl. 11.00 Familiegudsteneste v/sokneprest Øy. Takkoffer til Bjørgvin Stiftssenter.
Ytre Arna kl. 11.00 Familiegudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Kirkens SOS.
Takvam kl. 16.00 Sokneprest Øy. Takvamstemne.
- 2/9: Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til IKO.
- 9/9: Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Ytre Arna kl. 11.00. Konfirmantpresentasjon. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.